    

# Politikardag

Skei 17/11-17

STRYN KOMMUNE

Gang- og sykkelveg

Det er positivt at gang- og sykkelveg Loen – Rake er med på prioriteringslista. Stryn kommune er blant dei kommunane i fylket med størst uke i turisttrafikken. Med tanke på den sterke trafikkveksten som er registert på Fv 60 bør dette prosjektet få ei snarleg realisering. Det føreligg godkjend reguleringsplan og det er inngått avtale om grunnavståing som gjer at prosjektet kan detaljplanleggast og gjennomførast raskt.

Ved omlegging/ utbetring av fylkesvegnette bør ein ha ein bevist strategi der utfasa vegnett blir omgjort til gang- og sykkelveg. Dette vil kunne gje betre mulegheit for etter kvart å etablere lengre samanhengande strekningar tilrettelagt for mjuke trafikantar og legge tilhøva betre til rette for meir miljøvenleg transportløysingar.

Statens vegvesen

Stryn kommune
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Kari Lin Kyrkjeeide

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/telefon: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Ann Kristin Nes / 57724021 | 15/243437-2 | 14/1177-33/K2-L12//KLK | 17.12.2015 |

## Detaljregulering Leitekvia – Solvik i Stryn kommune – vurdering av SVV sitt innspel til oppstart av planarbeid

Vi viser til dykkar brev der de ber om at vi gjere klart kva vi meinar i vår tidlegare uttale til oppstartsvarsel på reguleringplan Leitekvia - Solvik.

I grunnlagsdokumentet gå- og sykkelstrategi til RTP 2018-2027 har fv. 60 Loen-Rake slik omtale:

> *Ein del bustadar på Rake litt innanfor 4 km frå skulen i Loen, og det er planar om stor utbygging av nye bustadområde. Då vert potensialet for å overføre reiser frå bil til sykkel eller gåing større. I tillegg er det mange fotgjengarar på strekninga på grunn av Via Ferrata Loen. Våren 2017 opnar det gondolbane til fjellet Hoven, og dette vil truleg føre til fleire som går ned att frå fjellet, og langs fv. 60 tilbake til Loen. Strekninga har høg trafikk, og fartsgrense 60 og 80 km/t. Strekninga er difor prioritert høgt.*

I sak om Budsjett 2018, Økonomiplan 2018-2021 heiter det:

> *Når det gjeld investeringsprogrammet for fylkesveg er dette i samsvar med tilrådinga i høve R egional Transportplan 2018 - 2027 (RTP) . For nærare in formasjon om dei tilrådde prioriteringane vert det vist til RTP - saka. Ev. endringar i den politiske prosessen vil bli innarbeidd i det endelege investerings/finansieringsprogrammet på fylkesveg.*

For at Stryn kommune eventuelt skal kunne forskottere td. strekninga Loen-Solvik er det/har det vore eit formalkrav at akuell strekning må stå i gjeldande investeringsprogram.

# Trafikkmengde - årsverdier - kjøretøy

Lengdeklasse: **Alle kjøretøy**

Retning: **Sum begge retninger**

Periode: **2017**

RAKE, Sogn og Fjordane, FV60 HP 2 Meter 1720 (1400129)

| ÅDT | ÅDT avvik | YDT | YDT avvik | HDT | HDT avvik | SDT | SDT avvik | JDT | JDT avvik |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2887 | 142 | 3090 | 151 | 2441 | 122 | 4241 | 153 | 4887 | 76 |




*Figur 15: Raud strek viser manglande tilbod til gåande og syklande langs fv. 60 mellom Loen og Rake. Kjelde: Statens vegvesen.*

5. **Fv. 60 Loen – Rake**
   Ein del bustadar på Rake litt innanfor 4 km frå skulen i Loen, og det er planar om stor utbygging av nye bustadområde. Då vert potensialet for å overføre reiser frå bil til sykkel eller gåing større. I tillegg er det mange fotgjengarar på strekninga på grunn av Via Ferrata Loen. Våren 2017 opnar det gondolbane til fjellet Hoven, og dette vil truleg føre til fleire som går ned att frå fjellet, og langs fv. 60 tilbake til Loen. Strekninga har høg trafikk, og fartsgrense 60 og 80 km/t. Strekninga er difor prioritert høgt.